

Prosjektnummer:

DAC/ NORAD sektorinndeling

Hovedkode:

Søkerorganisasjon: Mision NORMA, pers. jur. 24 454, Ypacarai, Paraguay

Prosjektets navn: PROYECTO PASO CADENA

Prosjektområde/ land: Paraguay. (I aust. mot Brasil).

Samarbidsorganisasjon i prosjektland (samarbidspartner):

Misión NORMA, casilla de correo 1559, Asuncion, Paraguay.

## 1. Plan:

Forventa resultater (som i søknaden):

Prosjektet er delt i tre enheter hvor følgende resultater er forventet for 1992:

### Skolen

- Det skal utføres vedlikehold på skolen.
- Skolekjøkken og lager m/veranda skal være påbegynt.
- Det skal lages kjøkkenhage.
- Ny rektorbolig. Den gamle skal brukes av agronomfamilien som skal tilsettes.
- Reparasjon og opp-pussing av misjonærboligen.
- PC, telefax og kopieringsmaskin for lærebokproduksjonen skal være innkjøpt.
- Arbeidet med lærebokproduksjonen skal være kommet i gang.
- Elevene skal få skolefrokost alle dagene.

### Jordbruket

- Det skal tilsettes agronom eller jordbrukskyndig mann for å veilede indianerne i jordbruksspørsmål.
- Det skal kjøpes inn såvarer og redskaper til jordbruket.
- Garasjen skal repareres.
- Indianerne skal ha påbegynt det planlagte husbyggingprogrammet.

### Helsearbeidet

- Det skal utføres vedlikehold og opp-pussing av klinikken og overnattingshuset for syke.
- Det skal kjøpes inn ny bil, radiokommunikasjonsutstyr mellom bilen og klinikken og solcelle for å drive kjøleskapet som lagrer medisinen.

### Oppnådd:

Skolen: Vedlikehold utført, skolekjøkken og lager omtrent ferdig, misjonærboligen reparert og oppusset, PC, telefax og kopimaskin innkjøpt og tatt i bruk. Arbeidet med lærebøkene er i gang og elevene får skolefrokost hele skoleåret.

Jordbruket: Jordbruksteknikeren begynte 1. august, og det er innkjøpt såvarer og redskaper. Garasjen er reparert.

Helsearbeidet: Det er utført vedlikehold på klinikken og overnattingshus for syke. Bilen og radiokommunikasjonsutstyret er innkjøpt og i bruk.



Avvik i forhold til forventede resultater (angl årsaker) :

Skolen: Kjökkenhagetid er fra april og utover. Kom ikke i gang da jordbruksarbeideren ikke ble tilsatt før august og arbeidspresset var stort. Den nye rektorboligen prioriterte vi etter utvidelse av skolen, og blir startet opp når denne er ferdig i januar 1993.

Jordbruket: Grunnet kolerafaren ville vi gjøre en innsats med brønner og do i 1992. Husprosjektet ble forskjøvet til 1993.

Helsearbeidet: Vi var lovt solceller, men når det kom til stykke, fikk vi dem ikke. Kjøleboks for medisin er innkjøpt, men solcellene og instalering mangler.

Hvordan er det tatt hensyn til evt. avvik i den videre drift av prosjektet:

Kjökkenhagen er planlagt som samarbeid mellom lærerne og jordbruksteknikeren vår. De vil sette i gang når tiden er inne. Da de andre manglene har med investeringer å gjøre, vil disse bli ordnet i 1993 så fort vi makter.

Vi regner ikke med at disse avvikene vil få noen å si for den videre framdriften av prosjektet.

Andre kommentarer:

1992 har vært et godt arbeidsår. Først siste halvdel av året fikk vi full stab, og dermed først i siste delen av året fikk lagt opp arbeidsrutinene skikkelig for den enkelte. Samarbeidet er godt. Medarbeiderne er villige og ivrige etter å gjøre en kvalitativ og kvantitativ god jobb.

Kilder (mer detaljerte opplysninger om prosjektet som organisasjonen kan stille til disposisjon):

PYM, Boks 6717, St. Olavsp1. 0130 OSLO.



Misión NORMA,  
Casilla de correo 1559,  
Asuncion, PARAGUAY.

Tele-  
fax

Til/Ta Helge Björklund, 7707  
Alt ved her. Helsing 561.  
Dato/Date 20/1-95 Ant. sider/No. of pages 3

## Kvartalsrapport frå Paso Cadenaprojektet.

=====

### 4. kvartal 1992.

#### Skulen.

===== Skular som går etter reglement for indianaropplæring, slutta 30. oktober i år. 99 elevar gjekk ut skuleåret. 77 var indianarar, 22 paraguayarar og brasilianarar. I alt 22 elevar slutta gjennom året.

I 6. klasse (avgangsklassen) gjekk 5 elevar ut, og 3 av dei var indianarar.

Skulen starta året med 4 lærarar, og dei arbeidde heile året gjennom.

Me takkar Gud for hjelpa gjennom året. Han har vore trufast dette året og.

Rosa M.B. de Garcete.

#### Klinikken.

===== I oktober vart me ferdige med siste delen av vøla av internatet, med delvis nytt golv, måling og nytt rekkverk på verandaen. I alt var der 164 konsultasjonar, 74 born og av dei 31,8% under 4 år. 7 gravide var til kontroll. 5 sjuke var internert på stasjonen og 5 vart sendt vidare til sjukehus.

I november fekk me inn radioane m.a. mellom stasjonen og bilen slik at me kan bruka den når me er ute på køyring med sjuke. Der var i alt 136 konsultasjonar. Av dei var 67 born og 29,4 % var under 4 år. 4 gravide kom til kontroll. Det var 6 internerte på stasjonen og 2 sende me vidare til hospital. Me var og ute med 4 til spesiell dokterkontroll i Ciudad del Este.

I desember vølte me huset der me har tuberkuløse pasientar. I alt var der 175 konsultasjonar. 87 var born og av dei 45 % under 4 år. 6 gravide kom til kontroll. Det var 6 internerte på stasjonen, og 1 person vart sendt til hospital.

Denne månaden hjelpte me til ved 4 fødselar, 2 i kolonien og 2 på stasjonen. Ein pasient døydde av tuberkulose.

Miriam R. de Saucedo. Henny Marie Rasmussen.

#### Jordbrukshjelpa.

===== I oktober fekk me kjøpt motorsykkelen som jordbruksteknikaren skulle bruka i arbeidet. Han fekk opplæring og fekk seg sertifikat.



Arbeidet desse tre månadane har elles dreia seg om mange forskjellige gjeremål:

Det har vorte laga til kartotek over alle som får eller har fått hjelp av prosjektet, slik at me kan kontrollere betre både kva hjelp dei får, og i kva grad dei greier å utnytte den. Det vert og samla inn opplysningar om jordbruket i koloniane med notatar over kva flatevidd dei dyrkar, husdyrhald, etc.

Misjonen har kjøpt inn ein del frø og har delt ut til jordbrukarane etter kva storleik dei har laga til å så i. Normalt er det frå eit par og opp til 10 mål åker. Frøa er: Peaneter, erter, bønner, mais og ris. Mange av planteslaga har forskjellige typar i sal, etter eigenskapar og foredlingsgrad, og me har hatt fleire typar til utdeling. Målet er så at dei skal levera tilbake ein del av avlinga til frø neste år.

Det er innkjøpt ein del redskapar. Dei vanlegaste redskapane, jungelkniv, hakke etc., kjøper me inn. Desse betalar dei for då det er redskap kvar bør ha sjølv. Men ein del ting, som såmaskin t.d., er det trong for nokre få dagar kvar sesong. Det låner me ut.

Misjonen har hjelpt til med maurgift (mot bladskjæremaur) og liknande.

Mykje tid går med til samtalar med folk, og med vitjing i koloniane både før og etter dei får frø. Slik får dei råd og instruksjon.

Ein del tid har gått med til kontroll av brønner og latriner. Enno er der nokre som har stor trong for denne hjelpa i kolonien Paso Cadena. Men denne delen av prosjektet er snart avslutta. Mange er interessert i hjelp til husbygging.

Jordbrukshjelpa går på primærfamilienivå. Det som har vist seg å fungera, er å gå inn i situasjonen til den einskilde familien, ha personleg kontakt med den, og møta dei der dei har sine behov.

I desember fekk me ein heil del kyllingar av eit stort hønseri nær Caacupe. Desse vart delt ut med 20 stk. pr familie så langt det rakk. Dei fekk og litt for og medisin(vaksine) og betalte 15 % av kostnadane med dette.

Dette kvartalet har det vorte sett i gang med å førebu eit åkerstykke for oppaling av tre. Ein del i koloniane er interesserte i forbetra typar appelsiner m.m. Planen er å laga plantar av både frukttre og skogstre til utplanting.

Amancio Medina Martinez.

Stasjonsadministrasjonen i Paso Cadena er det Alfredo Saucedo, mannen til den nasjonale sjukepleiaren som står for. Han skriv at i oktober reiste han med jordbruksteknikaren og sjukesystrene og vitja ein annan koloni: "Romero kue". Med dei



var ein av sjefane for staten sitt arbeid mot malaria. Han har spurt om me kunne kome inn med noko hjelp til denne kolonien. Me får ein del pasientar derfrå.

I november var det me fekk inn radioane. Me har kontakt mellom Paso og bilen, og med Caacupe. Med på vårt nett er og ein ache-koloni (Comunidad ache de Nacunday) der den norsk-amerikanske misjonærfamilien Fostervold bur. Då dei er åleine, ville dei gjerne få knyta seg opp mot vårt nett, i tilfelle noko skulle koma på.

Elles har det vorte utført reparasjons- og vedlikehaldsarbeid på stasjonen ved sida av innkjøp, transport m.m. Det har vore fleire indianarar som har vorte drepne som misjonen har vore med å henta heim. Ein (frå Tekoha Pora) vart drepent då kvegfarmen der han var nattevakt, vart overfalle. Andre har vorte drepne eller skadde i fyllefestar og ein har vore nøydde til å hjelpe dei pårørande i problema som har oppstått.

Alfredo Saucedo.

Den sentrale delen av administrasjonen (i Caacupe v/ Bjørnevoll sine) har gått sin gang. Det har vore ein som har arbeidd med bearbeiding av grunnskuleboka til guarani for våre indianarar. Inger Johanne Bjørnevoll har vore heime frå utgang november. Det har naturleg nok sett sitt preg på arbeidet.

Det vart sett i gang med utbygging av skulen, og den vart omtrent ferdig til nyttår. Dette har teke sin del av tida, men har gått svært godt. Ein har og førebutta starten på rektorbustaden som ein reknar med å vera i gang med i 1993.

Inger Johanne og Inge Bjørnevoll.

Menigheten.

===== Møta har gått sin jamne gang. 15 til 20 desember hadde med evangeliseringskampanje med tre brør frå Sørparaguay. Det vart velsigna av Gud. Fråfalne kom tilbake og nye tok mot Jesus.

Søndagane er det søndagsskule ved Miriam de Saucedo og Victoria de Benitez.

Ved årsskiftet var der 25 aktive medlemmer.

I 1993 reknar med med å få opp vårt eige lokale.

Me ber om vennane sine forbøner for arbeidet vårt.

Eulalio Garcete.